

MKR-SAK 04/03 KEK GENERALFORSAMLING**Saksbehandler:** Generalsekretæren**Dokumenter:** Brosjyre om KEK**Saksframlegg:**1. Kort orientering

Den norske kyrkja er vertskap for KEK si generalforsamling i Trondheim 25. juni – 2. juli 2003. Dette er ei stor oppgåve for MKR. Ein vertskapskomite, leia av Finn Wagle, har alt vore lenge i arbeid. Berit Lånke er prosjektkoordinator, dels for KEK sentralt (utlånt frå Dnk), dels for førebuingssarbeidet i Trondheim. Stig Utnev er prosjektmedarbeidar for å kople saman norsk kyrkjeliv og dette arrangementet. Dessutan er sokneprest Steinar Skomedal engasjert for å arbeide med koordinering i Trondheim og Nidaros fram til generalforsamlinga. Generalsekretær MKR koordinerer eit lite arbeidsutval og dei som arbeider med førebuinga til KEK på nasjonalt plan. Arbeidet er ganske godt i rute, men det er framleis nokre uklåre moment i programmet – mest på KEK sentralt si side.

Det er eit budsjett for vertskapskomiteen som har dels vore finansiert over OVF, for 2003 av ei eiga løyving på statsbudsjettet (kr 5 mill). Av desse går 3.5 millionar til KEK sentralt. Resten går til løn og tiltak i Noreg for førebuingane her. På norsk side vert det arbeidd no med m.a. ein stor presentasjon av norsk og nordisk kyrkjesoge gjennom ei multimediaframsyning laurdagskvelden den 28. juni, ei koordinering av eit stort utstillar-torg, nokre seminar som skal ha norsk deltaking (m.a. eitt om dialogen med Romani-folket), stewards-program for ungdom, eit pre-visit program for gjester frå utlandet i norske kyrkjelydar (vanskeleg å få nokon til å ta på seg dette lokalt). Dessutan arbeider ein med å få til ein miljø-seilas langs norskekysten dagane føreåt. Der skortar det enno på finansiering (søkt Miljøverndepartementet).

Denne orienteringa vert supplert med ein samtale med generalsekretær Keith Clemens frå KEK på møtet.

1. MKR si deltaking på KEK

Det er eit særsyn og eit storhende at ei slik økumenisk samling er lagt til Noreg. Difor er det gode grunnar til at nettopp medlemene av MKR får høve til å delta på dette arrangementet, i alle fall på delar av det. Såleis er det frå sekretariatet lagt inn eit forslag i budsjettet om at ein i staden for eit møte i juni tilbyr MKR sine medlemer å delta nokre dagar på KEK si generalforsamling. Dette vil vere eit unikt høve til å byggje kontaktar og til å få kjennskap til europeisk kyrkjeliv og den økumeniske rørsla sitt arbeid.

Det vert ikkje innkalla til dette møtet på vanleg vis, dels fordi det er i ferietida, og medlemene står fritt til å ta i mot tilbodet. Det kan eventuelt skipast til korte samlingar medan ein er der, for å drøfste kva ein opplever. AU må få fullmakt til å fatte vedtak mellom mars-møtet og det ordinære møtet i september for nødvendige avgjerder i denne perioden.

Budsjettforslaget gjev rom for å dekkje reise etter billegaste måte (billege flybillettar/tog/buss, gjennomsnittleg 1000-1500 pr. person t/r) samt tre overnattingar og tre/fire dagar med kost etter opplegget på generalforsamlinga (frukost/lunsj/middag, ingen diettpengar eller likande). Det vil seie t.d. frå torsdag morgon til sundag ettermiddag. Då får ein med seg det meste av det som er opne arrangement for ålmenta. Ynskjer ein å delta meir enn det, må ein betale sjølve.

Framlegg til vedtak:

1. *Rådet tek orienteringa om førebuinga til KEK si generalforsamling til etterretning.*
2. *Rådet tilbyr medlemene å delta på generalforsamlinga etter dei retningslinjene som er utarbeidde av sekretariatet.*